



Meland Aktiv v/Trond Egil Soltvedt

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/151 - 17/7446

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
18.04.2017

Fastsetjing av røystetid og røystestader ved stortings- og sametingsvalet 2017

Vedlagt følgjer vedtak.

Valstyret ønskjer å videreføre at røystinga i Sagstad krins vert i Meland Aktiv. Håpar at det er greitt og at vi kan ha den same ordninga som vi har hatt ved tidlegare val.

Valdagen er **måndag 11. september**.

Håper på positiv tilbakemelding.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:

Meland Aktiv v/Trond Egil Soltvedt

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 011	17/151

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
04/2017	Valstyret	PS	29.03.2017

Fastsetjing av røystetid og røystestader ved stortings- og sametingsvalet 2017

Vedlegg:

Stortingsvalget og sametingsvalget 2017 - fastsetting av valgdag

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i møte 09.03.17 at ein skal oppretthalda krinsane slik det har vore ved dei siste vala, dvs 6 krinsar.

Det er valstyret som fastset tidsrom og kvar røystegjevinga skal gå føre seg. Røystegjevinga skal gå føre seg i eigna og tilgjengeleg lokale. Veljarane skal kunne ta seg inn i vallokala utan hjelp.

Valstyret skal kunngjere tid og stad for røystegjevinga.

Ved tilegare val har røystetid og røystestader vore slik:

Røystetid:

måndag kl. 12:00 – 20:00.

Røystestader:

Flatøy krins	Flatøy skulehus
Grasdal krins	Grasdal skule
Sagstad krins	Meland Aktiv
Vestbygd krins	Vestbygd skule
Rossland krins	Rossland skule
Husebø krins	Nordavinden (tidl. Husebø bedehus)

Konklusjon

Utbygging på Grasdal skule ser ut til å halde tidsplan og skal vere ferdig til skulestart. Det ser ikkje ut til å vere problem knytt til å nytte gym.salen som røystelokale. Uteområde med parkeringsplassar skal og vere ferdigstilt.

Sjølv om det på Sagstad skule etter utbygging vert eit stort lokale på ca 400 kvm, så er det knytt ein del usikkerheit om ferdigstilling av lokale og uteområdet for parkering. Det er svært uheldig å måtte flytte eit røystelokale i siste liten. På valkortet vil det stå kvar ein skal røyste, og det krevs mykje informasjon dersom ein skal gjere endringar.

Vi har god erfaring med å nytte Meland Aktiv som røystelokale i Sagstad krins. Storsalen er eit godt eigna lokale og vi har blitt møtt med velvilje og god hjelp til praktisk tilrettelegging.

Framlegg til vedtak:

Røystetid:

måndag kl. 12:00 – 20:00.

Røystestader:

Flatøy krins	Flatøy skulehus
Grasdal krins	Grasdal skule
Sagstad krins	Meland Aktiv
Vestbygd krins	Vestbygd skule
Rosslund krins	Rosslund skule
Husebø krins	Nordavinden (tidl. Husebø bedehus)

Valstyret - 04/2017

VS - behandling:

VS - vedtak:

Røystetid:

Måndag kl. 12:00 – 20:00.

Røystestader:

Flatøy krins	Flatøy skulehus
Grasdal krins	Grasdal skule
Sagstad krins	Meland Aktiv
Vestbygd krins	Vestbygd skule
Rosslund krins	Rosslund skule
Husebø krins	Nordavinden (tidl. Husebø bedehus)

